

# Internasjonale aktiviteter i kommunane i Hordaland Spørjeundersøking 2011

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD)  
AUD-rapport nr 6 2011

# Metode


- Undersøkinga er utført av Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) på oppdrag frå Internasjonal seksjon.
- Datainnsamlinga vart gjort elektronisk. Det vart sendt ut spørjeskjema på e-post til alle kommunane i Hordaland, med unntak av Bergen
- Totalt fekk 32 kommunar tilsendt spørjeskjema og 15 av desse har svara på undersøkinga. Det tilsvarar ein svarprosent på 47 %.

# Bakgrunn

Den største delen av dei som har svara på undersøkinga (12 stk) er rådmenn. Dei tre andre har titlane:


Rådgjevar  
Oppvekstsjef  
Seniorrådgjevar

Kva er di stilling?



# Har kommunane ein plan for arbeidet?


Berre 1 av 15 kommunar har utarbeida ein skriftleg plan/strategi/målformulering for sitt internasjonale engasjement.



# Har kommunane ein plan for arbeidet?

Har kommunen planar om å utarbeide ein strategi/plan/målformulering for internasjonalt engasjement?


Av dei 14 kommunane som per i dag ikkje har ein plan for sitt internasjonale engasjement, er det berre 1 kommune som har planer om å utarbeide ein slik plan.



# Venskapskommunar

3 av 15 kommunar  
oppgjev at dei har  
vennskapskommunar.


Har kommunen ein eller fleire vennskapskommunar?



# Andre internasjonale samarbeidsinstitusjonar

Har kommunen andre internasjonale samarbeidsinstitusjonar?


8 av 15 kommunar oppgjev at dei har andre internasjonale samarbeidsinstitusjonar.



# Internasjonale prosjekt/samarbeid

Har kommunen i løpet av dei siste fem åra vore involvert i internasjonale prosjekt eller hatt internasjonalt samarbeid?

11 av 15 kommunar har i løpet av dei siste fem åra vore involvert i eit internasjonalt prosjekt eller samarbeid.






# Internasjonale prosjekt/samarbeid

På kva (fag)felt har kommunen vore involvert i internasjonale prosjekt eller samarbeid?


Skule/oppvekst er det fagfeltet der flest av kommunane har vore involvert i internasjonale prosjekt/samarbeid (10 av 11 kommunar). Deretter følgjer politisk nivå (8).



# Internasjonale aktiviteter

Den type aktivitet som flest kommunar har vore med på i perioden er delegasjons- og studiebesøk (9 av 11). Deretter følgjer samarbeid om venskapsrelasjonar/avtaler (7 ) og internasjonale arrangement (6).

Kva type internasjonale aktiviteter har kommunen vore med på i perioden?




# Behov og utfordringar

Kommunane vart spurde om på kva fagfelt dei har utfordringar som dei trur at internasjonalt samarbeid/aktivitetar vil kunne bidra til å løyse.


Det fagfeltet som flest oppgjev er kultur (12). Deretter følgjer næring (8) og skule/oppvekst (8).

På følgjande fagfelt, har kommunen behov eller utfordringar som ein trur at internasjonalt samarbeid/aktivitetar vil kunne bidra til å løyse:



# Behov og utfordringar

Ta stilling til følgjande påstandar:



# Behov og utfordringar


- Kommunane ser at internasjonalt arbeid er viktig. Dei er mest einig i påstanden: "Det er svært nyttig for kommunar å drive med internasjonalt samarbeid/aktivitetar" (4,8 i gjennomsnitt) og påstanden "Gjennom internasjonalt samarbeid kan ein forbetre kommunen sitt teneste tilbod (4,5).
- Kommunane treng hjelp til å gjere bruk av dei muligheitene som finst. Påstanden "Min kommune ønskjer hjelp til å gjere bruk av internasjonale prosjekt/program/finansieringsmuligheiter" er den påstanden som får nest høgast skår (4,6)
- I tillegg oppgjev kommunane at dei samla sett har relativt dårleg oversikt over muligheitene. Påstanden "I min kommune har vi god oversikt over kva muligheiter kommunar har til internasjonalt arbeid" får 3,1 i gjennomsnitt.
- Det er få kommunar som ønskjer hjelp til å få ein vennskapskommune (2,4 i gjennomsnitt).

# Vest-Norges Brusselkontor

Er kommunen medlem av Vest-Norges Brusselkontor?

6 av 15 kommunar som har deltatt i undersøkinga er medlem av NVB.


2 av dei som har svart, er usikker på om kommunen er medlem i VNB.



# Vest-Norges Brusselkontor

Av dei 6 kommunane som er medlem, er det 4 som har nytta VNB sine tenester i løpet av dei siste 5 åra.


Har kommunen gjort bruk av Vest-Norges Brusselkontor sine tenester i løpet av dei siste fem åra?



# Internasjonal seksjon

Alle dei 15 kommunane som har deltatt i undersøkinga kjenner til Internasjonal seksjon. 11 av kommunane oppgjev at dei har gjort bruk av tenestene til seksjonen.

Har kommunen gjort bruk av nokre av følgjande tenester Internasjonal seksjon tilbyr? I så fall kva for tenester?





# Internasjonal seksjon

Når det gjeld vidare informasjonsarbeid er det flest kommunar (11) som ønskjer å sjølv ta kontakt med seksjonen. Fire kommunar ønskjer å bli kontakta av seksjonen.

Korleis ønskjer kommunen å få informasjon om kva Internasjonal seksjon kan tilby?

